

Forskar forbundet ved UiO

NTL ved UiO

Parat ved UiO

Akademikarane ved UiO

Dato: 15.04.2020

Dykkar

ref.:

Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte, 15.04.2020

Grunna Covid-19 vart møtet gjennomført via den digitale plattforma Zoom.

Frå organisasjonane

- Caroline Hals – NTL
- Tina Næss – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil – Forskar forbundet
- Asle Fredriksen – Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudvernombod

Frå fakultetet:

- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Drøftingssaker

1. Lokal organisering av mottak SV – BOTT Økonomi/lønn
Sakspapira vart ettersendt

Fakultetsdirektøren orienterte om BOTT prosjektet, og lokalt mottaksprosjekt ved SV-fakultetet. Samstundes orienterte han om at innføring av BOTT ved SV på noverande tidspunkt var utfordrande, då ein på har fleire ledige stillingar under tilsetting, mellom anna nestleiar og leiar for økonomiseksjonen.

Hovudvernombodet spurte om korleis ein informerte dei tilsette og då spesielt dei som jobbar med økonomi og rekneskap.

Fakultetsdirektøren sa at alle var blitt informert om BOTT, men at på noverande tidspunkt hadde heller ikkje han, som eigar av prosjektet lokalt, oversikt over korleis endringane vil bli for



Fakultetsadministrasjonen

Postadr.: Postboks 1084 Blindern, 0317 Oslo
Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64
Telefaks: 22 85 48 25
postmottak@sv.uio.no
www.sv.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

den enkelte. Det skal haldast eit møte i regi av sentralt denne veka, og han reknar med at det kjem meir informasjon der. Han vil koma tilbake til denne saka på neste IDF-møte den 29. april.

2. Organisering av økonomifunksjonen ved fakultetet Sakspapira vart ettersendt

Fakultetsdirektøren orienterte om personalsituasjonen i økonomiseksjonen.

Rekneskapsgruppa vil vera fulltalige i byrjinga av mai og i midten av mai er også alle prosjektkontollarane på plass. Ny leiar og nestleiar er under tilsetting, men ein kan ikkje forventa tiltreding i stillingane før over sommaren.

For å styrke leiarfunksjonane i seksjonen har SV inngått ein avtale med Det humanistiske fakultet. Økonomileiaren der, Trude Jensen, skal i perioden 1. april til august (eller til ny leiar er på plass) fungere som leira for rekneskapsgruppa i seksjonen. Fredrik Olsbu, seniorrådgjevar i seksjonen, skal fungere som mellombels leiar for kontollarane. Denne løysinga vil tene både SV og HF, då ein i noverande koronasituasjon, er sårbare for fråvær i økonomigruppa ved begge fakulteta, og Jensen vil ha overblikk slik at ein kan gå inn å avlasta kvarandre dersom det skulle bli naudsynt.

Informasjonssaker

A. Fakultetsstyremøte 5. mai.

Fakultetsdirektøren orienterte kort om agendaen til møtet. Fleire av sakene er utsatt frå førre møte som vart halde i det UiO stengte ned grunna Covid19. Det er to saker til styremøte som truleg er interessante for organisasjonane.

Oppussing av Eilert Sundts hus (ESH). Her har fakultetet sitt utgangspunkt vore at kostnadane skal fordelast på grunneiningane ut frå fordelingsmodellen. Eit par av einingane har reist spørsmål ved dette og meiner at fellesskapen ikkje har vore med og finansiert deira meirkostander ved leige av tilleggsareal og ved flytting.

B. ARENA har eit betydeleg økonomisk meirforbruk, som er aukande. Senteret er bedt om å vurdere tiltak for å redusere meirforbruket og det vert lagt fram ei eiga sak om dette i fakultetsstyremøtet 11. juni.

Forskar forbundet syner til at den budsjettmodellen som fakultetet har valt gjer den økonomiske situasjonen ved ARENA særskilt vanskeleg. Vidare er dei uroa for dei tilsette, og minnes korleis det var når ein hadde prosessen med forsøk på samanslåing av sentera. Det er svært viktig at dei tilsette blir ivaretatt og ein ikkje igjen går inn i ein situasjon der dei tilsette uroar seg for stillingane sine.

Fakultetsdirektøren seier at ein no driv kartlegging av situasjonen og av moglege tiltak, og at fakultetet legg opp til ein prosess med transparens og openheit knytt til dokumentasjon.

Forskar forbundet påpeiker at det er viktig at prosessen blir gjennomført i nært samarbeid med

organisasjonane, og ikkje berre som ein prosess mellom dei tilsette og fakultetsleiinga. Akademikarane støttar Forskar forbundet i dette.

C. Personalsaker/arbeidsmiljø (ARK)/livet med Covid19 mm.

Ingen personalsaker utover det som gjeld stoda i økonomiseksjonen.

Fakultetsdirektøren informerer om at ARK truleg må utsetjast grunna Covid19. Meininga var at ein skulle gje førebuingar, informasjon og forankring i staben denne våren og så gjennomføra ARK til hausten. No må dette truleg skuvast på slik at det vert førebuingar til hausten og gjennomføring av ARK våren 2021.

Forskar forbundet er kritiske til ytterlegare utsetjingar til ARK av di dette har vore etterspurt i fleire år. Vidare påpeikar dei at det er særdeles viktig å ha ein plan om oppfølging av ARK. Verneombodet er samd i dette og meiner at det stadig kan dukke opp grunnar til å utsetje, og er uroa for at nye grunnar for utsetjing skal koma til som t.d. oppussinga av ESH. Ein bør undersøkja om ein ikkje likevel kan gjennomføre ARK som planlagt ved å bruka digitale verkty. Akademikarane støttar dette.

Parat meiner at ARK blir betre dersom den blir gjort over litt lengre tid, og er uroa for at resultata av ei slik undersøking i ein slik unntakstilstand som me står i no, vil kunne gje «falske data» på lang sikt.

Fakultetsdirektøren seier det er fleire grunnar til at det er vanskeleg å koma i gang denne våren, mellom anna er nøkkelpersonane som skal ha ansvar for å gjennomføra ARK ved fakultetet, for tida svært opptekne med andre presserande oppgåver på studiesida knytt til å handtere den ekstraordinære situasjonen ein er i grunna Covid19.

Livet med Covid19.

Fakultetsdirektøren orienterte om at bygga framleis vil vera stengt for dei tilsette og at situasjonen med heimekontor vil fortsetja. UiO har opna for at ein kan gje tilgang for enkelte tilsette, spesielt stipendiatar som er i innspurt før innlevering, og der det er naudsynt å sitja på kontoret for å gjennomføra jobben innan fristen. Institutta er bedne om å senda inn grunngjevne søknader til fakultetet.

Organisasjonane oppfattar fakultetet si tolking av den gradvise opninga for enkelte grupper som strengare enn slik den vart framstilt sentralt ved UiO.

Verneombodet orienterte om at dei hadde diskutert situasjonen i vernegruppa og lurte kva fakultetet gjorde for dei som har behov for tilrettelagt arbeidsplass.

Fakultetsdirektøren orienterte om at han har vore innom kontoret om lag kvar dag, for å dele ut maskinar, kamera, mikrofonar og anna utstyr som er tinga for å letta situasjonen med heimekontor. Det er også opna for at dei tilsette kan henta ut store skjermar, tastatur, stolar og anna utstyr som gjer situasjonen med heimekontor lettare.

Organisasjonane påpeika at situasjonen med heimekontor no hadde vart så lenge at det ikkje lenger var unntak, men normalen, og då må arbeidsgjevar tenkja nytt mht. korleis ein skal

ivareta bestemmelsane i arbeidsmiljølova.

Fakultetsdirektøren sa at dei strenge tiltaka vil vedvare både denne og neste veke, men at ein gradvis vil opne opp, og då først til stipendiatar som nærmar seg slutten av arbeidet sitt eller andre som har særskilte utfordringar.

Forskarforbundet orientert om at dei fekk ein del henvendelsar frå stipendiatar, spesielt knytt til vanskeleg heimesituasjon med barn og ev. forskyving av sluttdato.

Akademikarane kjenner seg igjen i dette, og seier i tillegg at retningslinjene for omsorgspermisjon frå sentralt blir tilpassa nedover i organisasjonen, noko som kan gje ulikt utslag for den enkelte stipendiat både korleis fråværet blir ført i HR og kor fort kvoten blir brukt opp.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud-Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Aud-Jorunn Sandal
+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no